



HELLEBAKKEN 45
5039 BERGEN
TELEFON: 55 39 29 50
FAKS: 55 39 29 59
E-POST: FIRMAPOST@BOF.NO
NETTSIDER: WWW.BOF.NO

Meland kommune
Avd. byggesak
Havnevegen 41,
5918 FREKHAUG

VEDLEGG B-1

Vår ref.: 01-10/16-LET

Dykkar ref.:

Dato: 31.10.2016

SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ BYGGEGRENSE MOT SJØ FOR TILTAK I ELVAVIKA FRILUFTSOMRÅDE (23/24, 204), MELAND KOMMUNE

I denne saka vert det søkt om dispensasjon frå byggjing i strandsona, samt byggjetiltaka som gjeld opparbeiding av aktivitetsområde med akebakke, skileikområde, fiskeplass for rullestolbrukarar, oppgradere badestrender m/ eventuell handikaprampe (bade-), treningspark m/ ulike apparat (Tufteparks), sandvolleyballbane, gjenoppbyggje dei gamle ruinane (murar) som er i området – med eit enkelt overbygg, lyssett tilkomst (lysstolpar) - langs turvegen og i Tufteparken, og vasspost v/ eksisterande toalett.

Grunnar for å gje dispensasjon

Det omsøkte området ligg langs Galtenesveien, tett opptil boligfeltet Frekhaugmarka. BOF driftar og forvaltar friluftsområdet i samarbeid med kommunen og Frekhaugmarka vel. I Frekhaugområdet fins få turvegar og område tilrettelagd med aktivitetstiltak for ålmenta.

Fordelar med tiltaket

Tiltaket vil

- fremje ålmentas bruk av strandsona
- gje ålmenta betre og trygg tilgang til området
- strandsona vert meir innbydande
- fremje bruk av strandsona til leik, mosjon, sosialt selskap og friluftsliv
- fremje god folkehelse
- betre oppvekstvilkåra for born og unge

Ulempene med tiltaket

Strandsona får anlegg og bygg som ikkje var der før midten av 1990-talet, men det vil vere mogleg å tilbakeføre hoveddelen av tiltaket.

Konklusjon

Basert på dei nemnde fordelar og ulempar med tiltaket finn me at omsyna bak strandsoneforbotet, ikkje vert vesentleg tilsidesett. Me vurderar fordelane som klart større enn ulempene. Vilkåra for dispensasjon er oppfylt.

Søknad om byggjetillating

Det vert søkt om byggjetillating for

- opparbeiding av aktivitetsområde
- lyssett tilkomst (lysstolpar) – i Tufteparken og langs turvegen
- vasspost v/ eksisterande toalett
- vidare opprusting av badestrender m/ eventuell handikaprampe (bade-)
- akebakke
- skileikområde
- fiskeplass for rullestolbrukarar
- treningspark m ulike apparater (Tuftepark)
- sandvolleyballbane
- gjenoppbyggjing av gamle murar (enkelt overbygg)

Dei ulike byggjetiltaka er vist på vedlagd kartutsnitt. Byggjetiltaket inneholder fleire små prosjekt, som me meiner ikkje vil ruve i landskapet. Etter gjennomført byggjetiltak vil området framstå som innbydande og bidra til meir utøving av friluftsliv og sosialt selskap, som igjen vil føre til styrking av band mellom born, ungdom og foreldre, samt for andre grupper som pensjonister (eldre) og handikappa (jf. universal utforming).

Vedlagd følgjer:

Nabovarsel signert

Situasjonsplan

Teikningar / skisser

Med venleg helsing
Bergen og Omland Friluftsråd

Åge A. Landro
Administrativ leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.